

SELSKAPSAVTALE FOR SAMARBEIDSÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS (SRS IKS)

- § 1 Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit interkommunalt selskap, eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Selskapet har forretningsadresse i Stord kommune.
- § 2 Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.

Føremålet vert konkretisert m.a. gjennom desse oppgåvene:

1. Fremja Sunnhordland sine interesser
2. Fremja og samordna tiltaksarbeid i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og infrastruktur
3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland
5. Vera pådrivar for kultur – og identitetsskapande tiltaksarbeid
6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår

- § 3 Selskapet skal ved stiftinga ha ein innskotskapital på NOK 100.000,-

Medlemskommunane eig likt og har likt ansvar for selskapet.

- § 4 Eigarkommunane har ansvaret for dei årlege utgiftene til selskapet slik desse går fram av årsbudsjett og økonomiplan. Utgiftene skal fordelast på kommunane med eit likt grunntilskot frå kvar kommune og eit tilleggstilskot pr. innbyggjar i kvar kommune.

Dei årlege tilskota skal betalast inn til Samarbeidsrådet i to terminar.

Styret kan ikkje setja i gong tiltak som gjev større økonomiske plikter enn inntektene gjev grunnlag for.

Reise- og diettgodtgjersle i samband med møter i Samarbeidsrådet skal dekkjast av dei einskilde kommunane på vanleg måte.

- § 5. Vedtak om opptak av nye kommunar kan gjerast av representantskapet med 2/3 fleirtal. Representantskapet skal fastsetje ny prosentdeling og representasjon i medhald av § 5.

Nye kommunar skal betala inn ein kontantsum eller andre aktiva som skal svara til den nye kommunen sin prosentvise del av selskapet sin eigenkapital. Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunkt for deltaking i selskapet.

Det er ikkje høve til å vera halvt medlem. Utmelding av ein kommune skal skje med to års varsel med verknad frå dato til dato. I oppseingstida har kommunen plikta til å betala årlege tilskot.

- § 6 Det vil vera høve for kommunar utanfor Sunnhordland å vera observatør i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

- § 7 Representantskapet er selskapet sitt høgaste organ. Representantskapet skal ha 24 medlemmer (tre frå kvar deltakarkommune).
- § 8 Medlemmene i representantskapet, med personlege varamedlemmer, vert valde av kommunestyra i deltakarkommunane for kommunevalbolken.
- § 9 Representantskapet kjem saman minst ein gong i året. Årsmøte skal haldast seinast innan utgongen av juni månad.
- Innkalling til møte skal skje med minst fire vekers varsel. Innkallinga skal innehalda saksliste og mogelege saksdokument. Det skal førast protokoll frå møta. Denne skal underskrivast av leiaren og to av dei andre medlemmane.
- § 10 Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet i samsvar med lover og vedtekter.

I årsmøte skal representantskapet handsama desse sakene:

- Skriftleg årsmelding frå styret
- Revidert rekneskap frå styret
- Fullmakter til styret
- Val av leiari i representantskapet
- Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret
- Val av styreleiar
- Val av revisor
- Fastsettjing av godtgjersle til representantskap og styre

I tillegg skal representantskapet handsama:

- Styret sitt framlegg til strategisk handlingsplan, økonomiplan og budsjett for neste driftsår.
- Framlegg frå styret om opptak av lån
- Framlegg om endring av vedtekten for selskapet
- Andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet
- Andre saker som representantskapet sjølv tek opp

Vedtak i representantskapet skal godkjennast av kommunane dersom dette vert kravd etter lov om interkommunale selskap eller andre lover. Strategisk handlingsplan, økonomiplan, budsjett, rekneskap og utskrift av møteboka skal sendast medlemskommunane som melding.

- § 11 Styret skal ha 3 medlemmer. Funksjonstida til styremedlemmene er 4 år. Attval kan finne stad.

Styret har ansvar for forvaltninga av selskapet, og har ansvar for at selskapet si verksemder er tilfredstillande organisert og for dagleg leiari si leiing av verksemda.

Styret skal ha det mynde og ansvar i samsvar med lov og fullmakt frå representantskapet, for å leia selskapet si verksemde. Styret skal mellom anna tilsetje dagleg leiari. For den daglege drifta kan styret gje prokura til dagleg leiari eller styreleiar. Styret gjev innstilling i saker som skal leggjast fram for representantskapet.

§ 12 Samarbeidsrådet for Sunnhordland er samansett av ordførarar og rådmenn i eigarkommunane. Rådet skal drøfta og vedta saker som er konkretisert i §2 og gje utseigner av politisk art. Rådet skal samarbeida tett med, og kan gje tilråding til styret.

Innkalling til møte i styret og Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal skje med minst sju dagars varsel, og skal innehalda sakliste og moglege saksdokument. Det skal førast møteprotokoll.

§ 13 Selskapet skal ha ein dagleg leiar, med dei oppgåver som går fram av § 14 i lov om interkommunale selskapet. Dagleg leiar skal tilsetjast av styret. Han/ho har møterett i styret, arbeidsutval og råd, og skal vera sekretær for desse organa.

§ 14 Representantskapet kan med 2/3 fleirtal etablera datterselskap under SRS IKS. Datterselskapet i denne samanheng er selskap der SRS IKS har minst 50 % av eigarskapet. Eit datterselskap kan ha kva lovleg selskapsform som helst, så sant krava til eige rettssubjekt er stetta.

§ 15 Endringar av selskapsavtalen må godkjennast av alle deltakarkommunane.

§ 16 Tvist om tolking av selskapsavtalen vert avgjort med bindande verknad ved voldgift etter reglane i tvistmålslova kap. 32.